

Her på Ulla

Hu hei, kor er her vel friskt og lett,
"Her på Ulla. Her på Ulla"
Om husa rista og sjøen skvett,
"Her på Ulla. Her på Ulla"
Og folk dei kjavast om stort og smått
Og alle ting synest surt og grått
"Her på Ulla. Her på Ulla"

Kom hit, kom hit i frå by og land
"Her på Ulla. Her på Ulla"
Her finn du utsikt og badestrand
"Her på Ulla. Her på Ulla"
Om det er berre ein dag eller to
At her er sol, er her kjekt å bo
"Her på Ulla. Her på Ulla"

Snart blir her molo heilt ut på skjeret
"Her på Ulla. Her på Ulla"
Då slepp no båtane verste veret
"Her på Ulla. Her på Ulla"
Om det tar ti eller hundre år
Så er det rart kor fort tida går
"Her på Ulla. Her på Ulla"

Telefon det har vi som ingen andre
"Her på Ulla. Her på Ulla"
På slik ein ting, det må ingen klandre
"Her på Ulla. Her på Ulla"
For når du sveivar og røret tar
Så får du tikking og tikk til svar
"Her på Ulla. Her på Ulla"

Her blir så opplyst og fint og flott
"Her på Ulla. Her på Ulla"
Når gatelysa blir tent for godt
"Her på Ulla. Her på Ulla"
Det blir så herlig når snøen dryss
Å telja sju – åtte gatelys
"Her på Ulla. Her på Ulla"

Vi har no skule og det er godt
"Her på Ulla. Her på Ulla"
Å auke barnetallet det går smått
"Her på Ulla. Her på Ulla"
Hvis vi let dura som no det går
Vi misser skulen om fåe år
"Her på Ulla. Her på Ulla"

Vi ynskjer alle eit godvers-år
"Her på Ulla. Her på Ulla"
Så bonden får att for det han sår
"Her på Ulla. Her på Ulla"
Og han som kavar på sjø i båt
Må få for strevet og litt attåt.
"Her på Ulla. Her på Ulla"